



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Boknahåve
Dato: 11.05.2026
Tid: Kl. 18:00 - 20:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Live Øvrebø
Magne Røsdal Lund
Nora Skjelde Prestbø
Tobias Hatlem
Truls Foss
Espen Ognøy Våge
Stian Ognøy Våge
Sanne Øvrebø

Andre som møtte

Egil Magne Våge
Gro Sørensen
Lena Lønning Dybdal

Stilling

Ordførar
leiar i servicetorget
miljøterapeut

Merknader til innkallinga: Ingen merknadar

Merknader til sakslista: Ingen merknadar

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Live Øvrebø og Nora Skjelde Prestbø

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
020/26	Godkjenning av innkalling
021/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
022/26	Samlesak for drøftinger
022/26.1	Forespørsel om samarbeid frå Karmøy ungdomsråd
022/26.2	Kvalitetsmelding handlingsplan for oppvekst barn og unge
023/26	Samlesak for orienteringsaker
023/26.1	Beredskapsplan for psykososialt kriseteam
023/26.2	Opplæring av ungdomsrådet
024/26	Eventuelt og spørsmål
025/26	Kulturmidlar 2026

020/26 Godkjenning av innkalling

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNG - 020/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

021/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNG - 021/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjent utan merknadar. Live Øvrebø og Nora Skjelde Prestbø vert valde til å signere protokollen.

022/26 Samlesak for drøftinger

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNG - 022/26 Vedtak

022/26.1 Forespørsel om samarbeid frå Karmøy ungdomsråd

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Møteleiar legg fram saken om førespurnad frå Karmøy ungdomsråd om å få til eit felles prosjekt i år, eller til neste år. Karmøy ungdomsråd har vore i kontakt med ungdomsråda i Bokn, Tysvær, Haugesund og Sveio kommune.

Ungdomsrådet på Bokn er positive til eit slikt samarbeid. Dei ynskjer å få til ein konsert, og kjem med forslag om Tobias Sten. Møteleiar og koordinator er invitert med i eit samarbeidsmøte for å fortsette vidare planlegging.

Ordførar kjem med innspel om at kommunane bytar på kven som arrangerer kvart år, og at dette går i ei rulling. Då kan det også bli eit nytt arrangement her på Bokn om nokre år.

Tidlegare ungdomsråd i Bokn kommune har arrangert konsert, og har dermed ei bok med nyttig info om gjennomføringa som møteleiar og koordinator kan ta med seg til samarbeidsmøte.

UNG - 022/26.1 Vedtak

Ungdomsrådet vedtek samrøystes at dei ynskjer å samarbeide med andre ungdomsråd om eit felles arrangement / prosjekt. Leiar og koordinator deltek i det første samarbeidsmøte med ungdomsråda.

022/26.2 Kvalitetsmelding handlingsplan for oppvekst barn og unge

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet sine innspel til handlingsplan for oppvekstplanen til born og unge i Bokn kommune:

Punkt 1 - Dei som går på skulen seier at dei har forstått at skulen har gått inn for verdiprogrammet SMART. Dei merka meir til dette rett etter sommaren, men seier at dei ikkje har opplevd noko særskilt fokus på det etter jul. Dei merkar lite endring etter at programmet kom.

Dei seier at det var positivt når heile skulen samla seg i auditoriet og fekk "beskjed" om kva som var den nye verdien alle skulle ha eit fokus på den neste månaden. Det er kjekt med slike felles samlingar.

Punkt 2 - Medlemma veit om fleire plassar i kommunen som kan brukas og som blir brukt, til dømes trollbu, kongsbu, fotballbanen. Dei synes det er positivt at ungdomsråd og elevråd får kome med forslag til vidare utarbeiding av uteareal og uteområde.

Medlemma som går på skulen seier noko om at dei følar dei er for lite ute, og har for lite praktisk undervisning. Dei seier at det sit mykje på pc, ein og ein. Samstundes opplev dei at dei yngre klassane er flinke til å vere ute ut frå det dei høyrar og ser.

Rådet kjem igjen med forslag om fleire benkar ute, og at det er viktig at alle klassar gis anledning til å kome med innspel til uteområdet.

Rådet synes det er bra at kommunen har eit fokus på å vere meir ute. Dei seier at dei også forstår at det blir meir utfordrande på ungdomsskulen da dei skal lære meir og har ting dei må gjennomgå, men at det er ein meir balanse mellom læring inne i klasserommet, og gjennom praktisk undervisning - ute for eksempel.

Det har vore positivt når skulen tidlegare har fått besøke bedrifter i kommunen, og lært gjennom å få besøke / sjå, og at det er ope for anna type valgfag, som for eksempel Austerheim Gård.

Punkt 3 - Rådet opplev at kommunen har fått til fleire ting, og at det viser igjen at det er eit fokusområde.

Gamingrom er åpnet, petra er ope annakvar veke, kino annakvar veke, open hall kvar veke, satt opp benker fleire plassar i kommunen til å henge, volleyball kvar veke, RØFF annakvar veke.

Det er likevel fleire av medlemma sjølv som ikkje veit om alle desse aktivitetane. Koordinator fortel at fleire lag og organisasjonar har kome på skulen og fortalt om kva for eit tilbud dei har, og kva dei gjer i auditoriet. Leiar seier at dette er eit positivt tiltak, viktig med god informasjon om kva som finnes.

Koordinator seier at dette også er litt av hensikten med aktivitesveka i uke 33 - ta born og ungdommar med på besøk til ulike lag og organisasjonar for at dei får prøve og sjå om det er noko dei kan vere interessert i å starte med på fritida.

Punkt 4 - Ungdomsrådet seier at dei følar at dei får medvirke i saker som både angår born. og unge direkte, men også andre saker det er nyttig at dei blir orientert om. Dei følar dei får saker som er aktuelle, og at det er jamnlege møter. Dei er fornøgde med slik det gjeres no.

UNG - 022/26.2 Vedtak

Ungdomsrådet kjem med innspel / tilbakemelding til handlingsplanen for born og unge.

023/26 Samlesak for orienteringsaker

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

UNG - 023/26 Vedtak

Orienteringane blir tatt til informasjon.

023/26.1 Beredskapsplan for psykososialt kriseteam

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet blir orientert om beredskapsplanen for psykososialt kriseteam. Ingen merknadar til planen.

UNG - 023/26.1 Vedtak

Ungdomsrådet har tatt saken til orientering. Ingen merknadar.

023/26.2 Opplæring av ungdomsrådet

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Grø Sørensen er invitert til møte for å gjera greie for lovbestemmelser, vise kor rådet kan finne relevant informasjon på ulike nettstadar, og gjennomgår politikarportalen.

Dei 4 nye medlemma (Tobias, Stian, Live og Nora) får utlevert ipad, ladar og deksel. Dette er utstyr / verktøy dei får låne til sitt verv som medlem i ungdomsrådet.

Ungdomsrådet blir oppfordra til å sjekke ut bufdir sine nettstadar, og søke på ungdomsråd:

[Ungdomsråd - ein rettleiar | Bufdir](#).

Alle medlemma har no skaffa seg bank ID eller Min ID slik at dei kjem seg inn på politikarportalen. Alle medlemma er pliktige til å lese seg opp på sakane i forkant av møta.

Gro oppfordrar medlemma til å sjekke skattekortet sitt slik at dette stemmer, eventuelt bestille frikort. Dette har også koordinator gått gjennom med dei tidlegare.

Rådet har tidlegare gjennomgått retningslinjene vedtatt av kommunestyret. Dei skal også kome ut på Bokn kommune sin nettstad: [Reglement, styre og utval - Bokn kommune](#).

Ungdomsrådet gis anledning til å kome med spørsmål, men har ingen spørsmål på noverande tidspunkt. Gro kan sette opp ein workshop dersom medlemma treng og ynskjer vidare opplæring.

UNG - 023/26.2 Vedtak

Ungdomsrådet får opplæring av kommunen.

024/26 Eventuelt og spørsmål

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Sak om redusert busspriser

Ungdomsrådet har tidlegare tatt opp dette at det koster mykje for ungdommar å ta buss dersom dei vil ut av kommunen. Dei ba om at saken blei tatt opp i elevrådet på skulen for å sjekke ut interessen, om fleire born / ungdommar i kommunen hadde tatt meir buss dersom det hadde vore billigare. Omlag 80 % seier at dei hadde tatt meir buss. Ungdomsrådet vil dermed fatte ein sak om dette i neste møte der dei skal kome med argumenter for å få ned prisane. Ordførar oppfordrer rådet til å gjere dette, for dette er noko kommunestyret også ynskjer å jobbe mot, også for eldre og vaksne utan førarkort i kommunen.

Kulturmidlar 2026 / endre på neste møte

Ungdomsrådet fekk sak om kulturmidlar 2026 same dag som møte. Det blei diskutert om dei skulle ta saken i dette møte, eller å utsette saken til neste møte. Ungdomsrådet må kome med ei uttale før formannskapet 2. juni. Dei vedtek derfor samrøystes å flytte neste møte fra 8. jun i til 1. juni for å ta opp denne saken då, og kome med ei uttale til formannskapet sitt møte 2. juni.

Sommarjobb for ungdom / aktivitetsveke uke 33

Koordinator oppfordrar medlemma til å søke sommarjobb i sommar, då det har kome inn få søknadar. Det kjem innspel om at veke 33 er ei litt uheldig veke då fleire vil ha fri / har andre ting planlagt siste veka før skulen startar opp att. Koordinator tek innspelet, og fortel at grunnen til at det blei denne veka er fordi det er då dei ansatte i kommunen som skal følge det opp er på jobb, samt at SFO har stengt denne veka.

Sommaravslutning

Koordinator spør om rådet kunne tenkje seg å gjere noko sosialt før sommaren, i juni månad. Rådet er positive til dette. Dei skal til neste møte kome med forslag til dato og aktivitet.

UNG - 024/26 Vedtak

Ungdomsrådet vedtek samrøystes å lage sak om redusert busspriser til kommunestyret.

Ungdomsrådet vedtek samrøystes å flytte på neste møte, fra 8. juni til 1.juni.

Ungdomsrådet blir orientert om sommarjobb for ungdom i veke 33, og kva som er planlagt til no.

Ungdomsrådet er samrøystes om å få til eit sosialt treff før ferien.

025/26 Kulturmidlar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Formannskapet i Bokn vedtek følgende fordeling av kulturmidlar for 2026:

Lag	
Bokn bedehus	5 000
Bokn historielag	7 000
Bokn idrettslag	35 000
Bokn KFUK/M <u>Speidarar</u>	33 000
Bokn motorsportklubb	35 000
Bokn mållag	5 000
Bokn pensjonistforening	6 000
Bokn ride og kjøreklubb	11 000
Bokn <u>skyttarlag</u>	7 000
Bokn sykkelklubb	26 000
§7 Spesielle tiltak	10 000
Bokn Skytterlag (gevær)	
SUM:	180 000

2. Utgiftene blir dekket av 1471.240.3850 - tilskot til foreningar, andre kulturaktivitetar.

11.05.2026 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet fekk sak om kulturmidlar 2026 same dag som møte. Det blei diskutert om dei skulle ta saken i dette møte, eller å utsette saken til neste møte. Ungdomsrådet må kome med ei uttale før formannskapet 2. juni. Dei vedtek derfor samrøystes å flytte neste møte fra 8. jun i til 1. juni for å ta opp denne saken då, og kome med ei uttale til formannskapet sitt møte 2. juni.

UNG - 025/26 Vedtak

Ungdomsrådet vedtek samrøystes å ta opp denne saka i sitt neste møte, 1. juni.